

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: *Rogaland*Tilleggsspørsmålnr. *7*Herad: *Heskestad*Emne: *Skav*

Bygdelag:

Oppskr. av: *B. Flom*

Gard:

(adresse): *Heskestad*

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Det er kjent i bygda at krøterhandlara-  
<sup>held</sup> *meville* ha kyr som hadde fått skav,  
dei meinte at slike krøter var friska-  
re enn sømarer. Truleg kan det difor  
gjærne ha vori ein liten skilnad i  
prisen, men ingen nolevande vit  
noko om det.
2. Gamle folk som sjølv har nytta  
skav til krøtera kjemur ikkje til  
dette med at kjølet vart svart av skav.
3. At mjølka vart beisk av skav er  
kjent, og småbarn måtte ikkje få av  
ho. Det kan og difor vera rimelig at  
~~ikkje~~ kalvar og smågriser heller ikkje  
måtte få av ho, men kjent er det ikkje.
4. Om det har vori årviss skaving til  
krøterfor for å fø fleire dyr, så ligg  
dette så langt tilbake i tid at eldre  
folk ikkje minnest det. Truleg var det  
mindre og skrale bruk som har nytta  
årviss skaving. Som tidlegare opplyst  
under emnet Skav, vart skaving nyt-  
ta som naidfor og sume stader  
for å <sup>få</sup>feitare mjølk. Difor kjemur



ein ikkje til slikt høve som nemnt  
frå Vest-Agder.

5. Om dette kan ein ikkje gje andre  
opplysningar enn det som er sagt  
under sp. 16 og 18 vedk. Skav.

6. Som før opplyst under det nemnte  
sp. 18 er det kjent med skavstauren  
eller stolpen festa i bjelken eller beten.  
Men ein kjemner ikkje til at han  
vart nytta til noko anna enn skaving.  
Ikke kjent her i bygda.

7. 8. 9. 10

11. Skavhella er ikkje kjent.

12. Gamle folk kjemner ikkje til  
det nemnte om gardmisset.

Huskestad 7/12-1954

B. Flom